



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møteprotokoll

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: 27.08.2024
Tid: kl. 19:00

Følgjande møtte:

Hilde Eikeland
Ivan Fjeld
Junhild Voll Frøyshov
Marita Midtun Finstad
Terje Skår
Torunn Renate Bore
Åsmund Steinnes
Dan-Egil Skrikrud
Gunnar Thorset

Rolle

Andre
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Leiar
Medlem
Varamedlem
Varamedlem

Forfall

Elisabeth Kvamsøe Jørgensen

Varamedlem

Sakliste**Sak nr.**

24/036

24/037

24/038

24/039

24/040

24/041

24/042

Sakstittel

Godkjenning av innkalling

Godkjenning av referat

Trusopplæring; besøk av menighetspedagog ungdom

Samtale om arbeidet, august

Informasjon frå og til fellesrådet

Revisjonsberetning 2023

Eventuelt

24/036 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:

Innkalling blir godkjent.

BS - 24/036 Vedtak:

Innkalling godkjent.

24/037 Godkjenning av protokoll

Forslag til vedtak:

Protokoll fra forrige møte godkjent.

BS - 24/037 Vedtak:

Protokoll fra forrige møte godkjent.

24/038 Trusopplæring; besøk av menighetspedagog ungdom

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møte.

Saksgjennomgang:

Jarle fortalte litt om tiltaka som er gjennomført det siste året, og at det stort sett er godt oppmøte på det me gjer for denne aldersgruppa. Han snakka om kva tiltak som er aktive og passive (ikkje blir gjennomført), og at fleire tiltak som tidlegare har vore i samarbeid med Klepp menighet ikkje lenger er samarbeidstiltak. Det er fortsatt ein utfordrane leiarsituasjon. Me har nokre konfirmanter frå i vår som vil vere med i arbeidet vidare, men ikkje med årets konfirmanter. Ungdomsarbeidar har me ikkje lukt med å få tak i. Fleire i soknerådet tilbyr å vere med på enkelttiltak, og det blir føreslått å utfordre husgruppene i menigheten til å vere med.

BS - 24/038 Vedtak:

Soknerådet ber om at Trusopplæringsutvalet ser på tiltaka for ungdom i planen, og kjem med forslag til ev endringar. Trusopplæringsutvalet utfordrast og til å rekruttera 2 - 3 medlemmar til.

24/039 Samtale om arbeidet, august

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møte.

Saksframlegg:

- 1. Visitas;** *I samband med bispevisitasen vert det felles soknerådsmøte 19.09 kl 17.30 – 19.00 med Klepp og Orre, samt biskopen med fylje. Møte vert i menighetssalen i Orre kyrkje.*
- 2. Ny kyrkjestove;** *Terje har utfordra fleire personar til ei oppstartsgruppe, og fått med seg Tore, Johannes og Daniel. Eit par fagpersonar og sagt at dei kan komme med råd og innspel utan å vere med i ein komité. Soknerådet må vite kva me utfordrar komiteen til, kva mandat skal dei få? Det vart også diskutert kva me gjer med no situasjonen - og om det er rett å bygge nytt når det alt er fleire forsamlingslokale i nærleiken. Soknerådet tenker at det kan vere lurt med ei spørjeundersøking i menigheten om kva dei ønsker og er motiverte for.*
- 3. Weekend;** *Husk å melde dykk på!*
- 4. Inspirasjonssamling;** *Det er mykje som skjer i haust, og i vår skal me i gang med Alpha kurs. Kanskje like viktig å få folk til å komma på det me alt arrangerer? Me vil ha inspirasjonssamling hausten 2025 eller våren 2026. Kanskje det finst gode talarar å hente frå UIO basen på Sola?*
- 5. Gjevarteneste;** *Me ligg stabilt, men ingen auke dei siste åra. Ivan kan ha fokus på dette på ei gudsteneste i hust. Til våren hadde det vert kjekt med eit "innsamlingsløp" el. for å engasjera ungane, og sette fokus på dette.*
- 6. Diakoniutvalet ;** *Åsmund informerte frå møtet. Diakoniutvalet vil gjerne ha ein tema gudsteneste med fokus på Kvardagsvenn.*

BS - 24/039 Vedtak:

- 1 og 6;** Soknerådet tek sakene til etterretning.
- Soknerådet ber AU sjå på korleis me skal gå fram i arbeidet med ny kyrkjestove og korleis me kan løyse utfordringane me møter no, og komme tilbake til soknerådet.
- Horve leirstad vert reservert til menighetsweekend 17. - 19. oktober 2025.
- Soknerådet vil arrangera måltidssamling (Gjestebod) etter Salmekvelden 24.november. Soknerådet vil arrangera inspirasjonssamling hausten 2025 eller våren 2026.
- Soknerådet ber om at Ivan talar om gjevarteneste på ein gudsteneste i haust, og ber AU ta med saka vidare.

24/040 Informasjon frå og til fellesrådet

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møte.

Saksframlegg:

Dagleg leiar informere om at det er bestilt ny varmtvannsbereder og nye toalett og vaskar til toaletta i bårhuset.

Dagleg leiar vil vidareformidla behov for å vedlikehald av gangstiar rundt kyrkja, og behov for isolering av vassrøyr under kyrkja.

BS - 24/040 Vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering.

24/041 Revisjonsberetning 2023

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek revisors beretning for 2023 til orientering.

BS - 24/041 Vedtak:

Soknerådet tek revisors beretning for 2023 til orientering.

24/042 Eventuelt

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møte

Saksfremlegg:

Dan-Egil ber om at ein ser på plassering av G2 i forhold til feriar, og at ein vurderer å vere med på felles gudsteneste i samband med Jærgårds neste år.

BS - 24/042 Vedtak:

Soknerådet tek saka til etterretning.